

Kartleggingsprøver

På denne sida finn du informasjon om korleis skolen kan førebu og gjennomføre prøva, og følgje opp resultata.

Sist endret: 12.05.2026

Kva er kartleggingsprøver?

Førebu

Kva er nytt?

Endringar for kartleggingsprøvene 1. trinn

Utdanningsdirektoratet har fått oppdrag om å endre kartleggingsprøvene for 1. trinn. Frå våren 2026 vil det i større grad leggjast til rette for meir fleksible gjennomføringar av kartleggingsprøver. Prøven er framleis frivillig for skolane å gjennomføre.

Dette blir nytt:

- I 2026 er gjennomføringsperioden delt i to. Ein på våren når elevane går i 1. trinn, og ein i løpet av hausten når elevane går i 2. trinn. Kvar elev kan berre gjennomføre same prøve ein gong, anten om våren eller om hausten.
- Skolen vurderer kva elevar som skal gjennomføre prøvene.

Vi skal også greie ut om nye læringsstøttande prøver kan erstatte dagens kartleggingsprøver på 3. trinn.

Endringa er ein del av oppdraget om å endre nasjonale prøver til læringsstøttande prøver, der kartleggingsprøvene også er omfatta.

Datoer for kartleggingsprøver

Kartleggingsprøver 1. trinn – frivillig

Det nye i 2026 er at gjennomføringsperioden er delt i to. Gjennomføringsperiodane er:

- 9. mars – 30. april, påmelding er frå 9. februar (1. trinn)
- 31. august – 6. november, påmelding er frå 3. august (2. trinn)

Merk! Kvar elev kan berre gjennomføre same prøve ein gong, anten om våren eller om hausten.

Du kan lese meir om kva som er nytt for kartleggingsprøvene for 1. trinn.

Endret 12.05.26

Kartleggingsprøver 3. trinn – obligatorisk

- 7. september – 16. oktober (Veke 37 – 42). Påmelding frå 3. august.

Kartleggingsprøver på samisk

Vi utviklar eigne kartleggingsprøver i lesing på nord-, sør- og lulesamisk. Kartleggingsprøvene i rekning er omsette og tilpassa nord-, sør- og lulesamisk. Skolen må melda på elevar i PAS – prøver med rett kode.

Påmelding og innlogging

Slik melder du på elevar

- Skoleadministrator melder på elevane på trinnet, anten direkte i PAS – prøver eller gjennom det skoleadministrative systemet.
- Påmeldinga opnar fire veker før gjennomføringsperioden startar.
- Det er mogleg å melde opp elevar i heile gjennomføringsperioden.

- Elevar som skal ha fritak skal også meldast på til prøva. Elevar på 3. trinn som skal ha fritak skal også meldast på til prøva.

Innlogging for elevar

- Elevane gjennomfører prøva ved å logge på elev.udir.no.
- Elevar med FEIDE loggar på med brukaren sin.
- Elevar utan FEIDE-brukar nyttar elevpassord og brukarnamn.

«Elevpassord og brukarnamn» er tilgjengeleg for lærar (prøvegruppeansvarleg) eller skoleadministrator under "Gjennomføring" i [PAS – prøver](#).

Elevane må taste inn kodeordet i prøvegruppa for å få tilgang til ei prøve. Kodeordet i prøvegruppa finn lærar eller skoleadministrator under «Start og overvak ei prøve» i PAS – prøver.

Slik startar du prøva

Du finn «Start prøve» i PAS – prøver, under «Gjennomføring» og «Start og monitorer ei prøve». Her vel du prøvegruppa som du ønskjer å starte prøva for.

Elevane kan logge inn og byrje på prøva etter at lærar eller skoleadministrator har trykt «Start prøve». Prøva er tilgjengeleg for pålogging fram til kl. 16. Dersom elevar skal logge inn for å ta prøva på eit seinare tidspunkt, må prøva startast på nytt.

Kva er skoleleiar sitt ansvar?

Du finn utfyllande informasjon om gjennomføringa i "Veiledninger og dokumenter" i [PAS – prøver](#), under "Gjennomføring", ca. to veker før gjennomføringsperioden startar.

Før gjennomføring

Fordel oppgåver mellom lærar, leiing og eventuelt administrativt personale.

Gjer deg godt kjend med kva kartleggingsprøver er, og kva dei måler.

Gjer deg godt kjend med støtta om korleis de skal førebu, gjennomføre og følgje opp prøvene. Hugs at du i forkant av gjennomføringa må:

- Gjere ei vurdering av kva elevar som eventuelt skal fritakast frå prøvene på 3. trinn
- Saman med aktuelle lærarar bestemma kva elevar som eventuelt skal gjennomføra kartleggingsprøver på 1. trinn
- Melde på elevar til prøvene i PAS – prøver
- Gi dei ansvarlege lærarane tilgang til PAS – prøver
- Sørgje for at det er kapasitet til å gjennomføre dei elektroniske prøvene, og at maskinene og systema er oppdaterte.
- Snakke om formålet med kartleggingsprøvene og vår tydeleg på kva som er forskjellen mellom å førebu seg til prøver og øve til prøver.
- Førebu elevane til prøvene. Eksempeloppgåvene ligg på udir.no. Oppgåvene gir elevane høve til å øve seg på å lytte til og følgje instruks
- Gi foreldre informasjon om at skolen skal gjennomføre kartleggingsprøver.

Under gjennomføring

Under gjennomføringsperioden skal skoleleiarar støtte lærarane og elevane for å sikre at alle opplever ei god gjennomføring. Skoleleiinga skal sørgje for at lærarane har tilstrekkelege ressursar til å støtte alle elevane gjennom perioden.

Etter gjennomføring

Etter gjennomføringa skal resultatata av kartleggingsprøvene brukast til å

- følgje opp elevar som har resultat i oppfølgingsområdet.
- vurdere om skolen har gode nok rutinar for å fange opp elevar som har behov for ekstra hjelp tidleg nok.
- informere foreldra til elevane som har resultat i oppfølgingsområdet om kva tiltak som skal setjast inn.

Skoleleiarar har det overordna ansvaret for at dette skjer.

Kvifor kartleggingsprøver?

Kartleggingsprøvene i lesing og rekning er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging.

Du kan lese meir om kartleggingsprøvene

Kven skal gjennomføre prøvene?

Kartleggingsprøvene på 3. trinn er obligatoriske for alle elevar.

Prøvene på 1. trinn er frivillige prøver. Skolen vurderer kva elevar som skal gjennomføra prøvene.

Skolar som er godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning og internasjonale skoler

Skolar som er godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning etter privatskoleloven kan søkje Utdanningsdirektoratet om anten å leggje prøvene på eit anna trinn enn det fastsette, eller søkje om fritak frå dei obligatoriske kartleggingsprøvene. Internasjonale skolar godkjend etter privatskolelova kan etter søknad til Utdanningsdirektoratet få fritak dersom det verkar openbart urimeleg at elevane skal delta i prøvene. Ordlyden "skal kunne søkje" gir ingen automatisk rett til fritak. Skolen må grunngi søknaden ut frå læreplanane. Vi viser til forskrift til privatskolelova § 2-7 andre og tredje ledd.

Internasjonale skolar og utanlandske skolar, godkjend etter opplæringslova, kan etter søknad til Utdanningsdirektoratet få fritak frå dei obligatoriske kartleggingsprøvene. Vilåret for å gi fritak er at "... det verkar openbert urimeleg at elevane skal delta i prøvene." Dette kan komme av at dei obligatoriske kartleggingsprøvene vil vere formålsause til dømes på grunn av at elevane ikkje har fått opplæring i aktuelle læreplanar/kompetansemål som kartleggingsprøvene testar. Vi viser til forskrift til opplæringslova § 2-8 andre ledd.

Elevar som får opplæring på ein mellombels opplæringsstad

Elevar som er på ein mellombels opplæringsstad eller ein institusjon når prøvene blir gjennomførte, meldes på til kartleggingsprøver på lik linje med alle dei andre elevane på same trinn på heimeskolen. Dei skal gjennomføre prøvene på den mellombelse opplæringsstaden. Skolen der eleven eigentleg høyrer heime, skal syte for at opplæringsstaden eller institusjonsskolen får tilgang til prøvene.

Opplæringsstaden eller institusjonsskolen er ansvarleg for gjennomføringa.

Fritak, fråvær og tilrettelegging

Fritak frå prøva

Moglegheita til fritak frå prøvene er avgrensa

Kartleggingsprøvene i lesing og rekning på 3. trinn er obligatoriske for alle elevar. Moglegheita til fritak er difor avgrensa.

To grupper elevar kan få fritak

Det er to grupper elevar rektor kan vurdere å fritta frå kartleggingsprøvene. Det gjeld elevar som allereie har

- enkeltvedtak om rett til spesialundervisning
- enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring for språklege minoritetar

I tillegg må det vere klart at resultatet frå prøven som eleven blir fritatt frå, ikkje vil ha noko å seie for opplæringa til eleven.

Elevar med enkeltvedtak skal ikkje automatisk få fritak frå kartleggingsprøvene. Rektor skal i samråd med læraren gjere ein særskilt og individuell vurdering av om resultatane til elevane med enkeltvedtak kan vere nyttige i tilrettelegging av opplæringa.

Enkeltvedtak

Avgjerda om fritak frå kartleggingsprøver er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Dette inneber mellom anna at vedtaket skal

- komme i god tid før prøva
- vere skriftleg og grunngitt
- gi informasjon om høve til å klage
- seie kva for prøve det er gitt fritak frå
- vise til heimel i lovverket

Sjukdom eller anna fråvær

Elevar som er sjuke på prøvedagen, eller som har anna fråvær, skal få moglegheit til å ta prøva i ettertid.

Dersom ein elev ikkje har fått moglegheit til å ta ei kartleggingsprøve før gjennomføringsperioden er over grunna fråvær, skal eleven registrerast med status «kunne ikke delta» i PAS – prøver. Merk at det ikkje er mogleg å endre status på elevar i PAS – prøver etter siste gjennomføringsdag.

Tilrettelagde prøver

Enkelte elevar kan ha behov for spesiell tilrettelegging i samband med gjennomføringa av ei kartleggingsprøve. Skolen skal syte for all slik tilrettelegging,

og leggje behovet til den enkelte eleven til grunn for spesielle ordningar.

Tilrettelegging kan for eksempel vere:

- gjennomføring i ei lita gruppe
- aleine
- fleire pausar

Det er viktig at tilrettelegginga ikkje har ei form eller eit omfang som påverkar resultatet og gjer det mindre reelt.

Kartleggingsprøvene i rekning på 1. trinn og i rekning og lesing på 3. trinn er omsett til teiknspråk

Skolen melder på elevar som bruker teiknspråk i PAS – prøver med variantkode for teiknspråk (TEG). Elevane vil under gjennomføringa få sjå ein video til kvar oppgåve der teksten er omsett til teiknspråk.

Kartleggingsprøva i lesing på 1. trinn er ikkje omsett til teiknspråk. Skolar med elevar som bruker teiknspråk kan bestille prøva i lesing på papir hos post@udir.no.

Kartleggingsprøva i rekning på 3. trinn for elevar som bruker punktskrift

Prøva i rekning på 3. trinn er også utarbeidd som eit praktisk kartleggingsmaterieil. Dette testar dei same områda som i den digitale prøva. Skolane kan bestille materiellet frå Utdanningsdirektoratet, post@udir.no.

Kartleggingsprøva i lesing på 3. trinn for elevar som bruker punktskrift

Prøva i lesing på papir er omsett til punktskrift. Skolar med elevar som bruker punktskrift, kan bestille denne prøva frå Statped, lmsyn@statped.no, telefon 02196.

Eksempeloppgåver

[Eksempeloppgåver.](#)

Tekniske krav ved prøver

Skoleleiar har ansvar for å gjere seg kjend med tekniske krav for gjennomføringa. Ansvaret kan delegerast til andre tilsette.

Les om tekniske krav ved prøver.

Kapasitet i det lokale nettverket

Skolen må sørge for at det blir teke omsyn til kapasiteten i det lokale nettverket. Skoleeigaren skal gi brukarstøtte ved tekniske spørsmål. Skoleeigaren kan kontakte statsforvaltaren i fylket sitt dersom det er nødvendig.

Informasjon til foreldre før gjennomføring

Skolane skal informere foreldra om kartleggingsprøvene.

Det viktigaste å informere i forkant av gjennomføringa er

- kva formålet med prøvene er
- prøvene på 3. trinn er obligatoriske for alle elevar
- kva for frivillige prøver skolen har valt å gjennomføre
- når prøvene skal gjennomførast

Ta gjerne utgangspunkt i Kva er kartleggingsprøver?

Skolen kan også dele lenkjer til eksempeloppgåver med foreldra. Prøven ligg ope og krev ikkje passord.

Gjennomføre

Rekning – gjennomføring

Prøvetid

Skolen må setje av cirka 30 minutt til gjennomføringa av både del 1 og del 2. Det er ikkje sett tidsavgrensing på oppgåvene eller på heile prøva, så de må planleggje for at elevane ikkje blir ferdige samtidig.

Informasjon om prøva

Kartleggingsprøva i rekning består av to delar. Alle elevane skal ta del 1. Elevane som er over oppfølgingsområdet, skal ikkje ta del 2.

Husk dette for dei som skal ta del 2

- Elevane skal først ha ein pause.
- Del 2 kan gjennomførast same dag, eller når som helst i løpet av gjennomføringsperioden. Dersom prøva gjennomførast ein anna dag må prøva startast på nytt.
- Elevane logger inn på same måte.
- Resultata i del 2 avgjer om dei er i oppfølgingsområdet.

Du finn utfyllande informasjon om gjennomføringa i "Veiledninger og dokumenter" i PAS – prøver, under "Gjennomføring", ca. to veker før gjennomføringsperioden starter.

Navigering i prøva

Prøva er bygd opp av sekvensar. Kvar sekvens inneheld ein kort instruksjonsvideo og 3-4 oppgåver av same type. Alle oppgåver har i tillegg ei lydfil som gir ein kort instruksjon om kva elevane skal gjere.

Når elevane skal gjennomføre prøva kan dei berre gå framover til neste oppgåve, ikkje tilbake. Det er derfor viktig at elevane gjer seg heilt ferdige med ei oppgåve før dei går vidare til neste.

De kan gå inn på eksempeloppgåvene for å gjere dykk kjent med prøvene.

Resultatvisning i PAS – prøver

Når elevane har avslutta prøva, viser resultatvisninga i PAS – prøver kva elevar som er i oppfølgingsområdet. For elevane i oppfølgingsområdet vil resultata for alle oppgåvene vere tilgjengelege i resultatvisninga. For andre elevar vil det berre visast at dei har gjennomført prøva.

Utstyr til prøva

Rekneprøva blir gjennomført digitalt på anten læringsbrett, berbar PC eller stasjonær PC. Elevane treng også hovudtelefonar. I tillegg skal elevane ha tilgang på papir og blyant slik at dei kan kladde dersom dei ønskjer det.

Les meir om tekniske krav.

Lesing – gjennomføring

02:39

Prøvetid

De må setje av cirka 40 minutt til gjennomføringa. Det er ikkje sett tidsavgrensing på oppgåvene eller på heile prøva, så de må planleggje for at elevane ikkje blir ferdige samtidig.

Informasjon om prøva

Elevane får nokre oppgåver som er felles for alle, og nokre oppgåver som er tilpassa, slik at elevane skal oppleve meistring.

- Alle elevar skal gjere like mange oppgåver i løpet av prøvegjennomføringa. På 3. trinn vil det seie rundt 65 oppgåver, og på 1. trinn rundt 50 oppgåver.
- Skolen bør vurdere å leggje inn pause undervegs.

Eleven blir vist talet på oppgåver nedst i venstre hjørne av prøva. Ettersom det ligg fleire oppgåver i prøva enn det eleven får tildelt, vil ikkje denne oversikta over progresjon stemme. Elevane vil vere ferdige når rundt halvparten er løyst, og prøva blir levert automatisk.

Du finn utfyllande informasjon om gjennomføringa i "Veiledninger og dokumenter" i PAS – prøver, under "Gjennomføring", ca. to veker før gjennomføringsperioden starter.

Navigering i prøva

Kartleggingsprøva inneheld oppgåver som måler ordlesing, vokabular, staving (3. trinn) og leseforståing. Fleire av oppgåvene har en lydfil som gir en kort instruksjon om hva elevene skal gjøre.

Når elevane har avslutta prøva, viser resultatvisninga i PAS – prøver kva elevar som er i oppfølgingsområdet. For elevane i oppfølgingsområdet vil resultatata for alle oppgåvene vere tilgjengelege i resultatvisninga. For andre elevar vil det berre visast at dei har gjennomført prøva.

De kan gå inn på eksempeloppgåvene for å gjere dykk kjent med prøvene.

Resultatvisning i PAS – prøver

Når elevane har avslutta prøva, viser resultatvisninga i PAS – prøver kva elevar som er i oppfølgingsområdet. For elevane i oppfølgingsområdet vil resultatata for alle oppgåvene vere tilgjengelege i resultatvisninga. For andre elevar vil det berre visast at dei har gjennomført prøva.

Utstyr til prøven

Leseprøva blir gjennomført digitalt på anten læringsbrett, berbar PC eller stasjonær PC. Stavekontroll må vere deaktivert før gjennomføringa. Elevane treng også hovudtelefonar. Les om tekniske krav.

Lesing samisk – gjennomføring

Prøvetid

De må setje av cirka 40 minutt til gjennomføringa. Det er ikkje sett tidsavgrensing på oppgåvene eller på heile prøva, så de må planleggje for at elevane ikkje blir ferdige samtidig.

Informasjon om prøva

Kartleggingsprøven i lesing på samisk er tilgjengeleg på nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. Skolen melder på elevane til dei samiske leseprøvene i PAS – prøver. Det er viktig at elevane blir melde på til rett variant av leseprøva.

Du finn utfyllande informasjon om gjennomføringa i "Veiledninger og dokumenter" i PAS – prøver, under "Gjennomføring", ca. to veker før gjennomføringsperioden starter.

Navigering i prøva

Prøva inneheld oppgåver som måler ordlesing, vokabular og leseforståing. Oppgåver som måler vokabular har ei lydfil som gir ein kort instruksjon om kva elevane skal gjere.

Når elevane skal gjennomføre prøva kan dei berre gå framover til neste oppgåve, ikkje tilbake. Det er derfor viktig at elevane gjer seg heilt ferdige med ei oppgåve før dei går vidare til neste.

Resultatvisning i PAS – prøver

Når elevane har avslutta prøva, finn de resultatata i PAS – prøver. Dei samiske leseprøvene har inga oppfølgingsgrense, og de kan sjå resultatata til alle elevane som har gjennomført prøva.

Utstyr til prøva

Leseprøva blir gjennomført digitalt på anten læringsbrett, berbar PC eller stasjonær PC. Elevane treng også hovudtelefonar.

[Les om tekniske krav.](#)

Brukarstøtte

Har du spørsmål om gjennomføringa, skal dei [rettast tenesteveg.](#)

Følgje opp

Informasjon til foreldre etter gjennomføring

Foreldre til elevar som treng ekstra oppfølging skal få tilbakemelding om resultatata frå kartleggingsprøva. Dei skal også få informasjon om kva tiltak skolen vel å gjennomføre for å følgje opp eleven vidare.

Støtte til å følgje opp resultatata i klasserommet

Vi har laga informasjon om korleis du kan følgje opp elevane etter gjennomføringa:

- [Støtteressurser i lesing](#)

- Støtteressurser i rekning

Rettleiing for gjennomføring av prøva finn du i PAS – prøver, under "Gjennomføring".

Resultata for elevane finn du i PAS – prøver, under "Resultater". I resultatvisninga ligg støtte til å tolke resultata frå prøvene.

Resultata er ein del av elevanes undervegsvurdering

Saman med annan informasjon om læringa til elevane, skal resultata danne grunnlag for å tilpasse opplæringa.

Støtte til å følgje opp resultata på skolen – rektor

Resultata frå kartleggingsprøver kan til dømes brukast som utgangspunkt for å

- snakke om korleis skolen arbeider med grunnleggjande ferdigheiter
- avdekkje eventuelle behov for fagleg oppdatering i personalet på skolen
- vurdere om rutinane til skolen for oppfølging er gode nok eller om dei bør endrast

Korleis følgje opp kartleggingsprøvene etter gjennomføring

Resultata har verdi for skolen

Skoleleiar må ta ansvar for at den samla kunnskapen og erfaringa til skola blir bringa vidare til resten av skola og dermed også blir til nytte for kommande elevar.

Det er viktig at enkeltelevar som treng det får oppfølging etter prøvene slik at dei får utvikla ferdigheitene sine. Det er også viktig at læraren vurderer kva resultata inneber for praksis i klasserommet.

Analysere elevresultat frå kartleggingsprøver

Det kan vere lurt å samarbeide med lærarar på fleire trinn når de skal analysere resultata. Både lærarane på det aktuelle trinnet, men også lærarane på trinnet over og under, kan ha nytte av å vere med på, og av å bidra i, analysane.

Skoleleiinga bør vere med både for å systematisere arbeidd og for å sikre at informasjonen frå resultata blir følgt opp, og bringa vidare.

Samarbeid og refleksjon på skolen

Når skoleleiarar og lærarar drøftar kva resultata fortel om elevane på skolen er det fleire spørsmål dei kan stille seg. Her er nokre døme:

- Kva kan skolen lære av resultata? Ser vi nokon samanhengar? Er det noko som overraskar?
- Korleis kan resultata brukast til å utvikle praksisen til skolen i lese- og rekneopplæringa? Er det nokre område skolen treng kompetanseheving på?
- Korleis kan resultata brukast til førebygging for kommande elevar?
- Korleis kan erfaringar frå eitt trinn overførast til andre trinn?

Vi har laga informasjon om korleis du kan følgje opp elevane etter gjennomføringa:

- [Støtteressursar i lesing](#)
- [Støtteressursar i rekning](#)

Støtte til å følgje opp resultata i kommunen – skoleeigar

Det er skoleeigars ansvar at kartleggingsprøvene blir gjennomførte i tråd med retningslinjene. Skoleeigar skal også sjå til at resultata blir følgt opp og at elevar som har resultat i oppfølgingsområdet på kartleggingsprøvene får nødvendig og tilpassa oppfølging.

Skoleeigar skal etterspørje kva tiltak og kva oppfølging skolen har sett i gang på bakgrunn av resultata frå kartleggingsprøvene.

Prøvene er ikkje laga for å kunne samanlikne resultat med andre skolar, kommunar eller fylke, men for å brukast i klasserommet og på skolen.

Ingen rapportering av resultat

Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet. Prøvene er ikkje utvikla for å samanlikne resultata. Derfor eignar resultata seg ikkje som styringsinformasjon, og dei kan ikkje brukast til å samanlikne skolar, kommunar eller fylke.

Bruk av resultat, personvern og rett til innsyn

Skolens bruk av resultatata

Skoleleiarar og lærarar kan bruka resultatata frå kartleggingsprøvene til kvar enkelt elev når det er nødvendig for å utføra oppgåver etter opplæringslova eller opplæringsforskrifta. Det same gjeld for skoleleiarar og lærarar i private grunnskular.

Kartleggingsprøvene gir kunnskap om kven som treng ekstra oppfølging i enkelte fag og ferdigheiter. Typisk vil det vera nødvendig å bruka resultatata frå kartleggingsprøvene for å finna ut om eleven treng intensiv opplæring etter opplæringslova § 11-3 eller individuelt tilrettelagd opplæring etter opplæringslova § 11-6.

Resultata er underlagt teieplikt

Resultata frå kartleggingsprøvene til kvar enkelt elev er teiepliktig informasjon. Det betyr at skoleleiarar og lærarar i utgangspunktet ikkje kan dela resultatata vidare med andre enn eleven som resultatata gjeld for, og foreldra til eleven. Skoleleiarar og lærarar kan heller ikkje dela resultatata vidare til brukarorganet som er oppretta for å sikra skoledemokratiet, jf. opplæringslova § 10-5.

Samanstilte data for å sikra skoledemokratiet

Resultata i kartleggingsprøvene til kvar enkelt elev er i utgangspunktet ikkje nødvendige for å sikra skoledemokratiet. Det inneber at skolen ikkje har krav på å få utlevert resultatata frå kartleggingsprøvene, til dette formålet.

Utdanningsdirektoratet kan levera ut samanstilte data frå kartleggingsprøvene til skolane, som til dømes delen elevar som hamnar i oppfølgingsområdet. Dette vil setja brukarorganet til skolen i stand til å planleggja, gjennomføra og vurdere skoleverksemda.